



Rolf og Elin klare for Tysnes Rundt

Til helga vert Tysnes Rundt i robåt avvikla att og osingane Rolf Ryttevad og Elin Flindt ligg i skarp trening sjølv om dei er for pensjonistar å rekna. I dag har dei vore innom

Uskedalen i oselvaren sin og er klare for deltaking i det spesielle løpet for 14.gongen. Det er vktig å slå fast at det ikkje er ei tevling men ein kosetur i 3 dagar.

Rolf og Elin kjøpte i 2002 husmannsplassen Vevik ved Løfallstrand og det er den som er utgangspunktet for roturane her i distriktet. Undervegs til Uskedalen hadde dei overnatta ved Mjødnasund i teltet sitt og no var dei klare for starten frå Årbakka imorgon klokka 18.

Flakkavågen er fyste overnattingsstad og Solstråleøyen den andre før dei set kursen mot Årbakka att.

Deltakinga har vore noko varierende. I fjor var den heilt nede i 18 og det entusiastiske paret vonar at det tar seg opp att i år. Også vengebåten til baronen skal vere med!

Deira eigen båt vart laga allereie i 1928 av ein kjend båtbyggjar på Os som heitte Alfred Søvik, men båten er like god. Og det same er tydelegvis roarane!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

